



Vellukka treff på FJELLY for nokre år sidan(Arkivfoto)

**Hyttestyret for ungdomslaghytta FJELLY ved Mannsvatnet vil innan kort tid starta eit Sikkerhetslotteri til inntekt for opprustning av hytta. Dei flotte gevinstante er nyttig sikkerhetsutsyr for heim og fritid. Desse er gjevne av ulike firma, der dei fleste er lokale. Lotteriet vert trekt ved avslutninga av sikkerhetsdagen i Aktivitetshuset laurdag 9.mai.**

I samband med avviklinga av lotteriet treng hyttestyret hjelp av loddseljarar. Dei treng folk både til å gå rundt på husa, og til å selja på butikken. Dei håpar mange vil støtte arbeidet med FJELLY på denne måten.

Siste åra har det vore gjort ein del dugnadsarbeid på FJELLY. Sidan den var dårleg isolert, vart 2 vegger isolert og bordkledd i fjor. Det er og planar for vidare opprustning. Ny ytterdør er kjøpt inn, og dei satsar også på nytt kjøkken. Derfor håpar dei at lotteriet og sikkerhetsdagen vert innbringande.

Hytta kan leigast svært billeg av alle. Det kostar 75,-kr pr. døgn pluss 25kr pr.person å leiga hytta.

Både dei som ønskjer å leiga hytta, og dei som kan vera loddeljarar kan ta kontakt på mobil 412 88 090 eller på mail [randimn@hotmail.com](mailto:randimn@hotmail.com) .

Vi minner også om det gode tilbodet om ein gratis Sikkerhetsdag 9.mai. Der får ein viktig og heilt nødvendig lærdom, som ein helst ønskjer å sleppa å bruka, nemleg førstehjelp og brannsløkkjng. Eit kjempegodt tilbod!! [Meir info om dagen her.](#)

**Påmeldingsfristen til Sikkerhetsdagen er allerede 30.04.2015.**

Påmelding kan gjerast på telefon og mail:

Mobil 412 88 090 mail [randimn@hotmail.com](mailto:randimn@hotmail.com)

Mobil 932 05 944 mail [albert.ove.nybakk@marineharvest.com](mailto:albert.ove.nybakk@marineharvest.com)



Utsikt utover Mannsvatnet fra FJELLY(Arkivfoto)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland